

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>6/2013</b>
<b>Tid:</b>	<b>Mandag 16. september 12:00-16:00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Nordhordland Utviklingsselskap IKS</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Karstein Totland, Nils Marton Aadland, Kristin Handeland, Hallvard Oppedal, Knut Moe, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes
<b>Rådmenn:</b>	Øistein Søvik, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Odd Ivar Øvregård, Jarle Landås, Vidar Bråthen, Jan Olav Osen
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss og Anne Hildegunn Færøy (sak 67/13), Kari Evensen Natland (sak 69/13)
<b>Andre:</b>	Ole Hope og Vidar Totland, Business Region Bergen (sak 64/13), Jahn Petter Berentsen, Hordaland Røde Kors (sak 65/13),
<b>Forfall:</b>	Svein Helge Hofslundsengen, Reidun Halland

<b>Sak 61/13</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 62/13</b>	<b>Godkjenning, møteprotokoll frå møte 5/2013</b> Møteprotokollen frå møte 5/2013 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 63/13</b>	<b>Status oppfølgingsaker</b> Dagleg leiar gjekk hadde ein kjapp gjennomgang av aksjonslista. Ingen spørsmål.
<b>Sak 64/13</b>	<b>Besøk av ny adm. direktør i Business Region Bergen, Ole Hope (vedlegg)</b> Ole Hope og Vidar Totland møtte frå BRB. Ole Hope drog gjennom ein presentasjon om BRB – «Kor vil BRB – er de med?» Han sa litt om strategisk næringsplan og prioriterte næringer, og prioriterte fokus område for det offentlege i Bergensregionen. BRB skal vera ei drivkraft for kompetansebasert næringsutvikling i regionen, og saman med samarbeidsaktørane skal ein skapa ein dynamisk vekstregion. BRB vil elles fornya og styrka etablerarteneste, og vil bidra med å få på plass systematisert arbeidsmetodikk som felles prosjektmetodikk og risikoanalyser ved gjennomføring av prosjekt. Han understreka at dei har etablert eit godt samarbeid med Bergen Næringsråd. Han ynskje også eit endå tettare samarbeid med medlemskommunane.
<b>Sak 65/13</b>	<b>Kort presentasjon av Røde Kors sin beredskapshengar (vedlegg)</b> Distriktsrådsleiar Jan Petter Berentsen, Hordaland Røde Kors (HRK) presenterte Røde Kors (RK) sin nye beredskapshengar. Berentsen viste til organisering av – og formålet til RK. RK og kommunane har felles oppgåver i forhold til ungdom, blant anna med skapa møteplassar for dei, få positive interesser og det å jobba førebyggjande mot t.d. mobbing. HRK har no eit konsept med ein beredskapshengar dei ynskjer å tilby kommunar / regionar landet over. Hengaren inneheldt eit varmetelt på 36 kvm og ei kraftig lyssøyle som kan lysa opp så mykje som 10000 kvm terreng frå eitt enkelt punkt. Utstyret skal t.d. brukast i redningsaksjonar m.v. Dette er utstyr RK meiner totalberedskapen i Norge har stor trong for. HRK ynskjer at

	<p>kommunane betalar hengaren, og at dei driftar og heldt den vedlike. Utstyret er også meint å kunne brukast til ulike arrangement kommunane har – der dei har trong for telt, varme og lys m.v Berentsen viste foreløpige kostnader med dette, og korleis dette kan fordelast og løysast som eit spleiselag mellom fleire kommunar. HRK ynskjer å inngå avtalar med kommunane, og ser på Nordhordland som ein føregangsregion.</p> <p>Regionrådet er positive til tiltaket, men sidan dette dreier seg om økonomi, må dette koma inn i formelle økonomiske prosessar i kommunane. Ein må derfor koma tilbake til dette seinare.</p>
<b>Sak 66/13</b>	<p><b>Kort status «Nordhordlandspakken, E39 Bergen – Nordhordland»</b></p> <p>Jon Askeland gjorde kort greie for status, og informerte kort frå arbeidsgruppa som jobbar med tema i samband med utarbeidinga av ein bompengesøknad. Dei jobbar bl.a. med plassering av bompengesnitt, prioritering av ulike prosjekt i pakka (primært gang og sykkelveg + andre mindre tiltak) og vidare aktivitet og finansiering.</p>
<b>Sak 67/13</b>	<p><b>Regionalt helsehus – presentasjon av rapport.</b> (vedlegg)</p> <p>Rune Heradstveit la fram NUI sin rapport «Tilråding; innhald, tomt, eigarskap, økonomi, og organisering». Det vert her vist til rapporten og til presentasjonen – sjå vedlegg 67/13.</p> <p>Kort oppsummert, tilrådde NUI at ein byggjer eit nytt Region- og helsehus på tomt ved rådhus, at arealet vert på 8000 kvm, og at bygget vert bygd og eigd av eit IKS.</p> <p>Nils Marton Aadland synest det var gjort eit godt arbeid og peika på at det er tre nye moment når det gjeld tomt, eigarskap og areal i forhold til tidlegare rapport. Elles at det er positivt med signal om reduserte kostnader.</p> <p>Jon Askeland viste til at rapporten tydelegvis er godt motteke sidan rådet klappa etter presentasjon.</p> <p>Astrid Aarhus Byrknes synest ein foreslår eit spennande tomteval, at IKS er positivt og bind saman kommunane – at det ikkje naudsynt å etablera eit nytt IKS, og at ein må få fram ei sak til kommunestyret så fort som mogeleg vedr. tomt.</p> <p>Per Lerøy synest det var eit godt arbeid som er gjort og var begeistra for innhaldet. Han meinte vidare at me i dag har eit godt fungerande IKS gjennom NUI, og at ein derfor burde bruka det og ikkje oppretta noko nytt selskap. Han fekk støtte frå fleire på dette.</p> <p>Odd Ivar Øvregård peika på at ting modnast etter kvart då det kom spørsmål kvifor ikkje tomteval og IKS kom fram i Deloitte-rapporten. Det er ein del utfordringar som må diskuterast, dette vil ein byrja på i møte i Rådmannsutvalet fyrstkommande fredag (20. september). Det er vidare viktig at Lindås kommune så fort som mogleg vurderer om tomtaval er grei eller ikkje.</p> <p>Fleire peika gav uttrykk for at dette var ein grundig og spennande rapport, og ein takka NUI for den jobben som har vore gjort. Fleire synest det var eit spenstig og godt val når det gjeld tomt og tankar om synergjar – og fleire tok til ordet for at det ikkje er nødvendig å oppretta eit nytt IKS for å byggja og eiga bygget, men at ein brukar NUI.</p> <p>Rapporten vert handsama i ekstraordinært Regionråd måndag 30. september. NUI førebur vedtak.</p>
<b>Sak 68 /13</b>	<p><b>Kommunestrukturprosjektet.</b> (vedlegg)</p> <p>Rune Heradstveit la kort fram planane for den vidare prosessen i hausten 2013. Jon Askeland viste til at grunna valet har de gått litt tid vekk, men at ein no framover kjem til setja trykk på arbeidet. NUI vil no starta arbeidet med å få på plass eit avgjerdsdokumentet som skal vera grunnlag for val av utgreiingsløp eller samarbeidsløp for kommunane. Dokumentet må bl.a. innehalda fordelar og ulemper med dei ulike løpa, og døme på fordeling av tenesteproduksjon geografisk i regionen ved ein eventuell samanslåing. I løpet av hausten skal det vera samlingar for ordførarar og rådmenn, og ein planlegg med eit Nordhordlandsting. Det er viktig at både</p>

	dokumentet og prosessen er god, og av den grunn kan nok valet om løp tidlegast verta i fyrste møte i kommunestyra i 2014.
<b>Sak 69/13</b>	<b>Status Biosfære (vedlegg)</b> Knut Moe refererte kort frå møtet som hadde vore i styringsgruppa i Biosfære tidlegare i dag. Prosjektet var her presentert for dei i styringsgruppa som ikkje var kjent med prosjektet frå tidlegare. Knut Moe informerte vidare kort om status i søknadsarbeidet, om framdrift, økonomi og nasjonal MAB-komité. Sjå vedlegg 69/13.
<b>Sak 70/13</b>	<b>Statusrapport frå utvala (helse, nærings- og samferdsle og kultur).</b> <b>Helse:</b> Kort informasjon sidan mykje var teke under helsehuset. Ein har endå ikkje motteke svar frå Helse Vest vedr. ynskje om eit møte. <b>Nærings- og samferdsle:</b> Viser til informasjon om Nordhordlandspakken AS, elles ikkje nytt å melda. <b>Kultur:</b> Knut Moe informerte om at regionen får besøk av Kultur- og ressursutvalet i fylkeskommunen tysdag og onsdag. Program er laga og informert om til ordførarar og rådmenn tidlegare. Nils Marton Aadland sa at utvalet har meldt tilbake at dei er svært godt fornøyd med programmet og innsatsen vår med å få på plass program og administrative ting.
<b>Sak 71/13</b>	<b>Meldingar og eventuelt</b> <b>Masfjordsambandet.</b> Karstein Totland gjorde greie for status for arbeidet med Masfjordsambandet og dei nye planane vedr. type bru ein jobbar med. Dette er eit forskings- og utviklingsprosjekt der brua er tenkt å flyta på pongtongar av betong, men og forankrast til botnen. Tidlegare er ei hengebru kalkulert til minst 750 mill., medan ein no håpar å kunne byggja for rundt 400 mill. Totland jobbar no aktivt mot fylkeskommunen og staten og peika på at brua med ny pris evt. kan byggast utan statlege midlar. Han peika vidare på at prosjektet ikkje vil øydelegga eller skyva andre prosjekt ut i tid, og bad derfor om støtte frå Regionrådet. <b>Vedtak:</b> Regionrådet vedtok å støtte Masfjorden kommune og ordførar Karstein Totland fullt ut med prosjektet. <b>Besøk av Kultur- og ressursutvalet i HFK 17.-18. september</b> Sagt under status frå utvala. <b>Neste møte:</b> ▪ Mandag 30. september kl. 13:00 - 15:30, NUI.

Knarvik, 22. september 2013

Jon Askeland (sign)  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

- Sak 64 /13: Presentasjon Business Region Bergen
- Sak 65/13: Beredskapshenger Hordaland Røde Kors
- Sak 67/13: Nordhordland Utviklingsselskap IKS «Tilråding; innhald, tomt, eigarskap, økonomi, og organisering
- Sak 67/13: Presentasjon NUI-rapport Helsehus
- Sak 68/13: Kommunestrukturprosessen – status og framdrift
- Sak 69/13: Status Biosfære